



Arkivnr: 2014/560-137
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval		

Førebuing til Ungdommens fylkesting 2015

Samandrag

I møtet 04.11.2014 vedtok Ungdommens fylkesutval følgjande i PS 92/2014 Førebuing til Ungdommens fylkesting 2015:

«Det har blitt skriven eit forslag til nytt Ungdommens planprogram som skal leggjast fram av Ungdommens fylkesutval på Ungdommens fylkesting. Forslaga Ungdommens fylkesutval fekk på nettverksamlinga er tatt med i betraktinga.

Ungdommens fylkesutval vedtek at Agnes skal skrive innkallinga til Ungdommens fylkesting. Med i den skal det være informasjon om val, oppmøde om å sende nokon som kunne tenke seg å stille til val, oppmøde til å sende engasjert ungdom og informasjon om moglegheitene til å sende inn sakar til Ungdommens fylkesting på førehand. Invitasjonen vert skriven før møtet 12. desember.

*Årsmeldinga vert skriven seinare, og vil blir sendt med budsjett og rekneskap etter jul.
Det er vete laga ein ny forretningsorden. Ungdommens fylkesutval tok utgangspunkt i den gamle forretningsorden og har endra ein del formuleringa og lagt til nokon punkt.*

Når det gjeld valkomité og redaksjonskomité foreslår Ungdommens fylkesutval følgjande personar Cecilie Fredheim, Erlend Risvand Mo, Thomas Valdersnes, Lars Henrik Nesse, Otto Galtung, Maria Vatnøy og Hedda Hidle. Kven som skal være i kva komité må me komme fram til på eit seinare tidspunkt.

Når det gjeld gjestar på Ungdommens fylkesting foreslår Ungdommens fylkesutval Lars Henrik Nesse. Ungdommens fylkesutval vil og at alle dei fylkeskommunale medverkingsorgana for ungdom i Noreg blir invitert som observatørar.

Køyrereglane for Ungdommens fylkesting vil bli laga på helgemøtet i januar og i samband med delegatane på Ungdommens fylkesting.

Når det gjeld oppfølging av ungdomsråd for å få god oppfølging på Ungdommens fylkesting, så vedtek Ungdommens fylkesutval at Agnes og Cecilie skal ta seg av det.

Ungdommens fylkesutval foreslår at Mona Hellesnes skal holde hovudtalen på Ungdommens fylkesting på laurdagen. Talen skal handle om kvifor ungdomsmedverking er viktig og kvifor det er viktig å ha eit Ungdommens fylkesting. Mona har sagt ja til dette, men vil ha meir informasjon og ein invitasjon seinare.

Praktiske detaljar for Ungdommens fylkesting utsetjast til eit seinare møte.

Vedtak

Ungdommens fylkesutval vedtek at førebuinga til Ungdommens fylkesting skjer som skissert over.»

Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.